21

OSTERØY KOMMUNE
**Rådmann**
**Rådmann**

Roger Hartveit

5283 FOTLANDSVÅG

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkiv: | Lonevåg |
|---|---|---|---|
| | 12/1713-1 OIOV<br>12/13895 | N- | 20.08.2012 |

OPPFØLGING AV VILKÅR SETT I LØYVE TIL MIDLERTIDIG OMSISPONERING AV DYRKA MARK - STOPPORDRE

Det blir vist til brev av 18.01.2012 vedkomande reguleringsarbeid for masseuttak – Vevletveit, gnr. 6 bnr. 1.
Det blei sett frist til 23.februar 2012 med å koma med attendemelding på status i reguleringsarbeidet.
Osterøy har ikkje fått svar på dette og vil følgja opp saka slik som varsla i brevet.

Arealbruket av del av eigedomen gnr. 6 bnr. 1 som går fram av løyvet frå Fylkeslandbruksstyret 1.3.1989 jf. sak 06/575-11 er som følgjande:

"1. Det skal ikkje førast bort jord frå eigedomen.
2. Matjordlaget på dyrkajorda skal takast av og lagrast for seg på ein slik måte at jordsvinn på grunn av erosjon ikkje førekjem. Matjorda skal leggast attende som topplag der det før inngrepet var dyrkajord.
3. Framdrifta i arbeidet må gå føre seg etter framdriftsplanen, slik at arbeidet til einkvar tid er avgrensa til mindre deler av eigedomen. Kvar einskild del skal førast attende til landbruk etter kvart som steinuttaket for delen er avslutta.
4. For dei areala der det skal gjerast inngrep, skal det samtidig med at inngrepa tar til, setjast av kr. 4 pr. kvadratmeter på sperra konto i bank som sikkerheit for at areala vert ført attende til landbruk. Kontoen kan berre disponerast av heradsagronomen. Pengane på kontoen skal ikkje utbetalast før eigedomen igjen er ført attende til landbruk.

Heradsagronomen i Osterøy har ansvaret for godkjenning av areal som er ført attende til landbruk, og ansvaret for at retningslinene i punkta 1-4 vert følgde. "

Fylkeslandbruksstyret gjorde vedtak om at:

"Midlertidig omdisponering av delar av gnr. 6 bnr. 1 i Osterøy kommune som omsøkt på vilkår av at punkta 1-4 i fråsegna vert følgd. "


| Postadresse: | | E-post: | Sakshandsamar: |
|---|---|---|---|
| 5282 LONEVÅG | Tlf: 56 19 21 00 | post@osteroy.kommune.no | «Sbr_Navn» |
| Org.nr. 864.338.712 | Faks:56 19 21 01 | | Tlf: «Sbr_Tlf» |

Når ein ser på drifta av knuseverket og uttaket av stein og tilbakeføringa til jordbruksdrift har ikkje dette gått føre seg etter slik løyvet set vilkår om. I tillegg skjer uttaket av stein utanom dei rammer som var omsøkt og som det i si tid blei gjeve løyve til.

**Det blir med dette gjeve omgåande stoppordre på steinknuseverket på gnr. 6 bnr. 1 i Osterøy Kommune – seinast 24.08.2012.**

Med helsing

Odd Ivar Øvregård
rådmann

Vedlegg: Kopi av møtebok i omdisponeringssak 12538810059 OMD
Kartvedlegg til omdisponeringssak og framdriftsplan

Postadresse: 5282 LONEVÅG Org.nr. 864.338.712
Tlf: 56 19 21 00 Faks:56 19 21 01
E-post: post@osteroy.kommune.no
Sakshandsamar: «Sbr_Navn» Tlf: «Sbr_Tlf»